

## Tjue tusen til styrkeløft

I november blir VM i styrkeløft arrangert i Stavanger. Klubben i Sauda er sterkt engasjert i arrangementet. I tillegg kjem ein av favorittane i kvinneklassen frå Sauda. Arrangøren har søkt Sauda kommune om eit tilskot på 25.000 kroner. Rådmannen si tilråding gjekk på 10.000 kroner i tilskot.

– Mykje positiv omtale har Sauda fått gjennom den flotte innsatsen til Hildeborg Juvet Hugdal. Derfor vil eg gjerne auke summen til 20.000 kroner, synest vi skal vere litt rause, konkluderte Klara G. Tveit (SV), og ho fekk dei andre i formannskapet med seg til å løyve 20.000 kroner til VM i styrkeløft i november.